

## Sensorrettleiing TYSK1100 2023

Alle fem deloppgåver tel likt.

1. For å få C, må ein svare at teksten gir haldepunkt for at nomenet "Backlash" ikkje er feminint, men ikkje for at det er maskulint, og ein må skrive at ei setning må innehalde dette ordet i akkusativ for å syne genus eintydig, eller gi ei slik setning som eksempel. D kan ein få om dette er noko ufullstendig. B eller A får ein om ein greier ut om at ordet berre står i nominativ i teksten og at det berre er i akkusativ at det er skilnad mellom maskulinum og neutrum når det gjeld fleksjonen for artiklar.

2. C skal ein få om ein finn ordet "Transzendentalem" og slår fast at det er eit substantivert adjektiv, eller adjektiv brukt som nomen, og at det er det som gjer at ordet kan få ei slik ending, og òg finn orda "Düsteres", "Dunkles" og "Raunendes". D kan ein få om litt av dette manglar. A eller B kan det bli om ein greier ut om at substantiv (nomen) ikkje kan ha ei slik ending og at denne endinga er eit sikkert teikn på sterkt adjektivfleksjon i dativ eintal maskulinum eller neutrum, og om at dei tre andre orda står i nominativ og akkusativ. Om ein òg har med noko om tydinga til orda når dei har neutrum og sterkt fleksjon, blir det A.

3. For å få C, må ein finne "habe" og "wäre" og slå fast at det hine er presens medan dette er preteritum. Er det litt av dette som manglar, blir det D. A eller B krev at ein får fram at det berre er "wäre" som heilt eintydig syner konjunktiv, medan "habe" berre syner konjunktiv saman med subjektet i tredje person, ettersom det òg kan vere indikativ om subjektet er 1. person.

4. Karakteren blir minst C om ein finn fram til adjektivet "knapp" og i neste steg verbet "verknappen" og peiker på prefikset "ver-", og om ein så byggjer på til nomenet "Verknappung" med suffikset "-ung". D kan det bli om eitt av desse elementa er mangelfullt. For å få A eller B, må ein slå fast at "knappen" ikkje finst som verb, så at prefikset "ver-" her tener til å avleie verb frå adjektiv, ein må setje både affiksa i samanheng med det ein elles veit om dei, og ein må syne at ein har brukt ei ordbok.

5. Ein må, for å få C eller D, finne både feila, rette dei rett og grunngje rettingane med at dei går på genus. C krev at ein skriv at feila er fleksjon i neutrum og femininum i staden for i maskulinum og neutrum, og kategoriserer dei som grammatiske, eller språklege. For A eller B krevst det at ein går inn på kva som syner genus i feila og rettingane, og gjer seg tankar om grunnane til at feila er gjort.

Det som skil A frå B, er at studenten generelt syner både god innsikt og evne til klår framstilling.